

28. april 2010

Framleis høge søkjartal til høgare utdanning

Samordna opptak (SO) har per april 2010 registrert rundt 103 400 søkjarar til høgare utdanning. Dette er berre 0,8 % lågare enn i 2009, da SO hadde det høgaste søkjartalet sidan midten av 90-talet.

Når søkjartalet held seg på eit stabilt høgt nivå, skuldast det truleg den trange arbeidsmarknaden og store alderskull blant dei største søkjargruppene.

Nedst på denne sida finn du lenkjer til befolkningsutviklinga i Noreg i åra 2000 – 2009, samt framskrivne tal over kva søkjartal vi kan vente oss i åra som kjem.

Ser vi på aldersfordelinga, er talet på søkjarar mellom 20 og 23 år høgare i 2010 enn i 2009. For aldersgrupper frå 24 år og oppover er søkjartalet lågare.

Utdanningsområde

Søkjinga til lærarutdanningane syner samla sett ein liten framgang (+ 0,5 %). Allmennlærerutdanning er lagt om til grunnskolelærerutdanning 1.-7. og 5.-10. trinn foran årets opptak. 4 046 søkjarar hadde i 2009 allmennlærerutdanning som førsteprioritet. Dei ti grunnskolelærerutdanningane har i år til saman 4347 primærsøkjarar¹.

Derimot går talet på førsteprioritetssøkjarar til førskolelærerutdanning tilbake med 15 %.

Søkjinga til teknologiske fag (+ 1,3 %) og realfag (+ 2,9 %) går fram. Størst auke blant teknologifaga har 5-årig integrert masterstudium i teknologiske fag (siv.ing.) med 8,2 %.

Søkjinga til helsefaga har ein samla tilbakegang på 2,8 %. Størst tilbakegang har medisin med - 8,3% og sjukepleiar med - 4,7 %. Vernepleiar (+ 12,2 %) og sosionom (+ 7,8 %) har klar framgang.

Søkjinga til mediefag går ned med 13 %.

Elles er det verdt å merke seg ein auka del av mannlege søkjarar til lærarutdanninga (+ 1,9 %) og kvinnelege søkjarar til realfaga (+ 3 %).

¹ Dette talet inkluderer 161 primærsøkejarar til integrert 5-årig mastergradstudium i lærarutdanning ved Universitetet i Tromsø (UiT). Dette studiet er etablert på UiT i staden for 4-årig allmennlærerutdanning. Søkjarane til mastergradstudiet havnar i kategorien '5-årig integrert masterstudium i lærerutdanning' i statistikkane. Denne endringa forklarar auken i søkjing til denne utdanningstypen (sjå tabellar over søkjing til utdanningsområde og typer på SOs nettsider).

Fleire tal

Samordna opptak presenterer nye tal rundt hovudopptaket 20. juli.

Søkjartal og tal fra tidlegare års opptak finst på [SO sine statistiksider](http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/):
www.samordnaopptak.no/info/soekertall/

Vidare plan for offentleggjering av søkjartal finnes i SOs informasjonsplan:
www.samordnaopptak.no/info/soekertall/informasjonsplan/

Tal på utvikling av alderskull 2000 – 2009 (frå SSB):
<http://www.samordnaopptak.no/arkiv/ssb/befolkning-00-09.xlsx>

Tal på utvikling av alderskullframskriving 2010 – 2015 (frå SSB):
<http://www.samordnaopptak.no/arkiv/ssb/befolkning-framskrivning.xlsx>

Nærare opplysningar om søkjing til høgare utdanning får du ved lærestadene (sjå http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt_laerested/ for kontaktinfo) eller hos Samordna opptak (tlf. 22 84 18 11/22 84 18 04 eller www.samordnaopptak.no).